

## KVITESEID KOMMUNE

# KONKURRANSEGRUNNLAG ENERGIEFFEKTIVISERING KVITESEID OMSORGSSENTER (KOS)

## KVITESEID KOMMUNE

### VARMEPUMPE VÆSKE – VATN OG VASSBOREN VARME

#### Innhold

A TILBODSINVITASJON (kunngjøring av konkurransen) .....	2
B ORIENTERING OM PROSJEKTET.....	3
B KONKURRANSEREGLER .....	5
C TILDELINGSKRITERIUM .....	5
D KONTRAKTFØRESEGNER .....	7
E BYGNINGSMESSIGE ARBEIDER .....	8
F VEDLEGG:.....	9

## A TILBODSINVITASJON (kunngjøring av konkurransen)

### 1. Byggherre:

Kviteseid kommune Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid

Prosjektleiar: Tarjei Gjelstad

### 2. Tilbodsomfang:

Kviteseid kommune skal energieffektivisere Kviteseid omsorgssenter (KOS), Lundenvegen 30 3850 Kviteseid, gnr. 39 bnr.77. KOS er kommunens sjukeheim som blir bruka til pleietrengande pasientar. Rom og fellesareal for pasientar er i 1.etasje samt kontor og pauserom for tilsette. I kjellaretasjen er det kjøkken som lagar mat for pasientane, møterom, fysioterapi, vaskeri og kontor for heimetenesta. For å senke kostnadane til oppvarming vil kommunen installere varmepumpe for væske til vatn samt vassboren oppvarming. Varmtvatn til dusj/hushald skal koplast til det vassborne systemet samt ventilasjonsanlegget.

Ein ber om tilbod på prosjektering og gjennomføring av prosjektet i samsvar med NS 8407 totalentreprise. Prosjektet skal overleverast byggherre innan 31.mars 2025.

### 3. Anskaffingsprosedyre:

Kommunen har valt å lyse ut anbodet som ein totalentreprise. Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del II.

### 4. Tidsfristar

Aktivitet	Tidspunkt
Synfaring	Måndag 13.mai 2024 kl. 10.00
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	Onsdag 22.mai 2024 kl. 12.00
Frist for innlevering av tilbod	Fredag 31.mai 2024 kl. 12.00
Tilbodsopning	Fredag 31.mai 2024 kl. 13.00
Evaluering av tilbod	Veke 23
Tildeling av oppdraget	Torsdag 6.juni 2024
Klagefrist	Torsdag 27.juni 2024
Kontraktskriving	Fredag 28.juni 2024
Oppstart prosjekt	August/september 2024
Overlevering byggherre	Måndag 31.mars 2025

Forventa oppstart er august/september 2024 etter godkjent framdriftsplan. Det er ynskje om tidlegare ferdigstilling.

Spørsmål skal stillast via Mercell. Svar vil bli distribuera til alle som deltek i konkurransen.

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

5. Innlevering tilbod:

Tilbod skal leverast inn via Mercell.

6. Tilbodsopning:

Lukka.

7. Vedståingsfrist:

Tilboden skal være bindande i 30 – tretti - kalendardagar rekna frå tilbodsfristen, frist 21.juni 2024

8. Kvalifikasjonskriterium:

Det er forventa at entreprenør kan vise til tilsvarende prosjekt.

9. Tildelingskriterium:

Økonomisk mest fordelaktig tilbod basera på pris, løysing, framdriftsplan, kvalitet og miljøkrav.

## B ORIENTERING OM PROSJEKTET

1. Innleiande orientering

**Kviteseid omsorgsenter (KOS), Lundevegen 30, 3850 Kviteeid gnr/bnr 39/77** vart bygt i 1995. Grunnflate er BYA 2653 m<sup>2</sup> og har i dag oppvarming via elektriske panelomnar, golvvarme og ventilasjon.

KOS er kommunens sjukeheim som har pleietrengande heildøgnspasientar samt at det er pårørande som er på besøk.

Rom og fellesareal for pasientar er i 1.etasje samt kontor og pauserom for tilsette. I kjellaretasjen er det kjøkken som lagar mat for pasientane, møterom, fysioterapi, vaskeri og kontor for heimetenesta.

Grensesnitt for anboden er installasjonar (varmepumpe, pumper, styring etc.) i teknisk rom samt vassboren varme til rom som er beskrive i grunnlaget. Varmtvatn til dusj/hushald skal koplast til oppvarmingssystemet og ventilasjonsanlegget skal koplast til via eigen rørledning. Det elektriske varmebatteriet i ventilasjonsanlegget skal erstattast med eit vassborent varmebatteri. Varme batteriet er ikkje ein del av anboden, det blir levert av ventilasjonsleverandøren.

Valt entreprenør er ansvarleg for å projektere og gjennomføre det elektriske som er nødvendig.

Vatn til oppvarming av systemet blir henta frå Kviteeid reinseanlegg som ligg ca. 120 m unna. Vatnet blir transport til teknisk rom via PE 110 mm. Temperaturen på vatnet inn til teknisk rom vil i snitt vera 5 °C og på den kaldaste dagen 1 °C.

Oppvarming av romma (vedlegg) skal skje med radiatorar og eventuelt konvektotorar det er føremålstenleg. Bad/toalett har i dag elektrisk golvvarme, dette skal framleis vera eit alternativ for oppvarming på desse romma.

Himlinga inne på KOS er senka med ca. 30 cm i begge etasjar og det er systemhimling med 60\*60 cm plater. Mellomrommet vil vera eigna til føringsvegar.

Det er krav om at det skal vera tilnærma full drift i byggeperioden.

KOS har ledige pasientrom. Under prosjektet vil ein kunne flytte på pasientar slik at ein kan arbeide på dei enkelte pasientromma.

Entreprenør kan bruke straum frå omsorgssenteret samt gjestetolett i kjellaren.

2. Atterhald om løyver, finansiering mv.

Det er ein føresetnad at prosjektet er innanfor kommunens løyvde rammer. Kommunen tar etterhald om retten til avvise alle tilbod på dette grunnlag.

Eventuelle tillegg/endringar skal avtalast skriftleg med kommunen.

3. Entrepriseform og kontrakttyp

Totalentreprise etter NS 8407

4. Oppdragsgjever sin organisasjon

Prosjektleiar: Tarjei Gjelstad

Mobil: 95241315

E post: [tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no](mailto:tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no)

5. Oppdragsgjever sin organisering av SHA--arbeidet og internkontroll.

Kviteseid kommune har overordna ansvar for Sikkerhet-, Helse- og arbeidsmiljø i samsvar til § 7 i Byggherreforskriften. Det er utarbeida ein overordna SHA plan for prosjektet av Kviteseid kommune Totalentreprenøren må vidareføre dette i eigen HMS plan.

Kommunen stiller med SHA-koordinator i samsvar til Byggherreforskriften.

Den enkelte entreprenør har ansvar for at eigne HMS-rutinar og – kontroller er dekkande for det arbeid som entreprenøren og hans underentreprenørar utfører, og at SHA-plan blir fulgt.

6. Spesielle forhold på byggeplassen.

*Omsyn til pasientar:*

Det kan vera aktivitet på byggeplass mellom kl. 07.00 – 18.00 på virkedagar, og ikkje aktivitet på laurdagar, sundagar og heilagdagar. Tilgang til pasientromma i 1.etasje vil vera i tidsrommet kl. 08.00 – 18.00. Arbeid før kl. 08.00 kan skje i fellesareal eller i kjellaretasje.

Bygningen er i sentrum av Kviteseid og bygga blir besøkt av gjester som det må tas omsyn til. Byggherre vil legge til rette for entreprenør skal arbeide mest mogleg utan forstyrring. Framdriftsplan blir presentera kommunen for uttale.

*Sikring av byggeplassen:*

Anleggsområdet skal være sikra for 3.person, under arbeid og etter at arbeidsdagen er slutt.

*Rydding og reinhald:*

Totalentreprenøren skal sørge for at det ikkje blir spreidd avfall og materiell utanfor anleggsområdet. Pasientrom, kontor, møterom og andre rom der vassboren varme blir montert skal ryddast

fortlaupande slik at dei kan tas i bruk. Avfall skal leverast til godkjent mottak og kjeldesortering/rapportering skal utførast etter gjeldande regelverk.

*Rigglass.*

Rigglass vil vera på kommunal grunn. Riggplan avtalast med kommunen.

## B KONKURRANSEREGLER

### 1. Alminnelige konkurransereglar

Som konkurransereglar gjelder i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del II.

### 2. Spesielle konkurransereglar

Ingen

### 3. Konkurranseform:

Totalentreprise i samsvar med tildelingskriteria.

### 4. Fastsetting av krav til leverandørane:

Det er krav til at entreprenør er kvalifisera for prosjektet. Kvalifikasjonar skal dokumenterast. Kviteseid kommune har vedtatt følgjande retningsliner for å hindre svart arbeid og arbeidslivskriminalitet.

### 5. Synfaring og konferanse :

Synfaring måndag 13.mai 2024 kl. 10.00.

### 6. Tilbod - Tilbodets formkrav :

Tilbod skal leverast via Mercell. Tilbodet er rettidig gitt dersom det er sendt før tilbodsfristens utløp.

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrev.
- Skatteattest
- Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.
- CV på nøkkelpersonell
- Løysingsspesifikasjonen/framdriftsplan til leverandøren (personell og kapasitet). Leverandøren sitt svar på kravspesifikasjonen til oppdragsgjevar med etterspurd dokumentasjon.
- Utfylt prisvedlegg

## C TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris / kostnad, og kvalitet/miljø basert på desse kriteria angitt i prioritert rekjkjefølge.

Kviteseid kommune meiner at omsyn til klima og miljø gir ein betre effekt om det ligg i kravspesifikasjonen enn som tildelingskriterie. Energitiltaka som skal utførast har ein høg gevinst med tanke på klima for straumforbruket reduserast med 30%. Det blir lite avfall fordi det er mindre endringar i bygg som skal gjennomførast. Ved å stille klima/miljøkrav til leverandøren vil ein vera sikker på at det blir tatt omsyn til klima og miljø.

Krav:

Leverandør skal i eit eget vedlegg beskrive korleis miljømessige vurderingar i utførselen av oppdrag blir tatt vare på, og konkrete miljøtiltak i gjennomføringa.

Det er eit krav at leverandøren har iverksett miljøleiingstiltak. Det betyr at leverandøren har metodar for å arbeide aktivt og systematisk med å redusere negativ miljøpåverknad frå arbeid knytt til utføring av denne kontrakt.

Det er ønskeleg med EPD miljøvaredokumentasjon på rør, radiatorar og andre produkt som skal brukast.

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris	<ul style="list-style-type: none"><li>• Priser skal oppgis i prisskjema, vekting 80%<ul style="list-style-type: none"><li>- Alle oppgitte prisar skal vere eksklusive meirverdiavgift og i norske kroner, men inklusive alle andre kostnader som til dømes miljøgebyr, returkostnader, emballasje, ompakkning, reise og overnattingskostnader, bompengar, skattar, avgifter, transport eigne servicebiler, service, leverings- og kostander med fakturering m.v.</li><li>- I tilfelle der ein leverandør ikkje har prisa ein priseining vil oppdragsgjevar i evalueringa av tilbodet, for den aktuellepriseininga, kunne velje å legge til grunn einingsprisen frå dyraste tilbodet. Denne metoden er likevel ikkje til hinder for at tilbodet vil kunne bli avvist i henhold til reglene i FOA.</li><li>- Det er ikkje mogleg å leggje inn etterhald i tilbodet.</li></ul></li></ul> <p>Det er på prisskjema oppgitt kva summer som skal tas med og som leggjast til grunn for evalueringa</p>
Leverandøren skal ha personell med erfaring og kompetanse  Kvalitet på leveranse	<p>Kompetanse og kvalitet vektast med 10 %</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det skal og leggast ved ein CV frå kvar nøkkelperson leverandøren tilbyr innan dei ulike fagfelta, der erfaringa til personen kjem fram.</li><li>• Det skal leggast fram ein oversikt over valte underleverandørar av varer og arbeid.</li></ul>

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Tilbyder skal ha kapasitet til å gjennomføre oppdraget for Kviteseid kommune innanfor gitte tidsfristar	<p>Tilbyder skal leggje fram dokumentasjon på korleis dei vil gjennomføre prosjektet, vekting 10 %. Det skal leggjast fram ein framdriftsplan for prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>Leverandøren må vise at dei har naudsynt kvalifisera personell til å handtere fleire samtidige prosjekt, og eventuelle bortfall av nøkkelpersonell som er tenkt nytta til dømes i prosjektering.</li></ul>

### 1. Evaluering

Pris:

Tilbydars poengsum for pris reknast slik:

$$\text{Poeng pris} = 10 \times (1 - ((\text{Tilbydars pris}/\text{lågaste pris}) - 1))$$

Evt. opsjonspriser tas ikkje med ved berekning av prispoeng. Maks poengscore er 10 poeng.

Ved evaluering av pris nyttast generelt kontrollrekna tilbodssum med evt. tillegg for forbehold og avvik.

## D KONTRAKTFØRESEGNER

### 1. Alminnelige kontraktføresegner

Som generelle kontraktføresegner gjelder NS 8407, "Standardkontrakt for totalentreprise".

Elles gjelder føresegner som finnast for utføring av dei aktuelle arbeid i norske lover, forskrifter og retningslinjer, Miljøblad og Norsk Standard for de aktuelle fagområder.

Spesielle kontraktføresegner.

### 2. Indeksregulering

Det gis ikkje vederlag for løn- og prisstigning

### 3. Ferdigstilling

I samsvar til fristar.

### 4. Avtaledokumentet :

NS 8407: Alminnelige kontraktføresegner for totalentreprise

NS 8407 A: Formular for kontrakt om totalentreprise

### 5. Svardokument

Dokumenter frå tilbydar i samsvar med krav i konkurransegrunnlaget.

### 6. Sikkerheit

Det er krav om sikkerheitstilfelle i samsvar med NS 8407 «Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentreprise.» Kviteseid kommune stiller ikkje sikkerheit.

## 7. Forsikringar

Entreprenøren skal legge fram stadfesting for kommunen på at han har nødvendig forsikring før arbeida blir satt i gang.

Forsikringane skal også omfatte ansvar overfor byggherre og tredjemann, og dei skal være i samsvar med dei til kvar tid gjeldande lover, regler og forskrifter.

## 8. Byggetid

Byggheren har følgjande fristar:

Overlevering: 31.mars 2024

## 9. Dokumentasjon

All FDV - dokumentasjon sendast digitalt til Kviteseid kommune. Sluttutbetaling blir ikkje utbetalt før all nødvendig dokumentasjon er levert.

Opplæring av bruk og vedlikehald av anlegg for vassboren varme skal gis kommunens personell ved overlevering.

## E BYGNINGSMESSIGE ARBEIDER

Grensesnitt for oppdraget er varmesentralen. Kviteseid kommune legger 2 \*110 mm PE fram til rommet. Det er entreprenør sitt ansvar for føre desse inn i varmesentralen.

### 1. Varmesentral


Rommet er ca. 475 cm \* 210 cm med takhøgde 280 cm . Det er betongdekke og veggane er av reisverk med plater. Det er mogleg å forsterke veggane etter behov. Valt leverandør må prosjektere nødvendig utstyr i varmesentralen (varmepumpe, pumper, styring osv.) inkl. straum og rørføringar inn/ut av bygget. Varmesentral kan utvidast om det er behov men entreprenør bør tilpasse utstyret til dagens løysing.

### 2. Vassboren varmeanlegg

Vedlagt romskisse viser ein oversikt over mogleg plassering av radiatorar og eventuelle konvektalar. Det er entreprenør sitt ansvar å prosjektere optimal plassering/størrelse og effekt i kW tilpassa rom/behov. Det bør vera mogleg å ha romtemperatur opptil 25 grader på pasientromma. Det skal vera mekanisk justering av radiatorane.

Vedlegg 4 viser tal på radiatorar/konvektalar og eventuell plassering.

Vannboren varme KOS					
1. etasje	Radiator pasientrom	Radiator toalett	Radiator div/rom	Konvektor	Sum
A	6	6		1	13
B	5	5		1	11
C	6	6	2	3	17
D	12	12		1	25
E	8	8		1	17
F	6	6	1	2	15
Sum	43	43	3	9	98
<hr/>					
Kjellar					
A				2	2
B			4	2	6
C			3	3	6
D			10	2	12
Sum			17	7	24
Totalt	43	43	20	16	122



### 3. Varmtvatn

Det vassbore systemet skal koplast til eksisterande varmtvasstankar til forvarming av forbruksvatn.

### 4. Tilkopling ventilasjonsanlegg

Ventilasjonsaggregatet har elektrisk varmebatteri. For å utnytte varmepumpen til ventilasjon, skal derfor varmebatteriet erstattast av eit vannborent varmebatteri. Arbeid med varmebatteri utførast av ventilasjonsleverandør.

Entreprenør må dimensjonere og trekke en eigen rørkurs til varmebatteriet.

### F VEDLEGG:

1. Kviteseid kommune SHA – plan
2. Situasjonsplan
3. Protokoll arbeidskrim/svart arbeid
4. Teikningar/skisse plassering radiatorar
5. Skisse varmesentral
6. Foto plassering varmesentral
7. Dimensjonering og beskrivelse varmesentral
8. Sikkerhetsdokument varmesentral
9. Blokkskjema varmesentral
10. Simien
11. Prisskjema